

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Nord-trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Grong.

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigen røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det er ikkje meir enn ein 10 a 12 år sidan julenissen som kom med julegaver er kjendt her i bygda. Det var på juletreffestar at han byrja å visa seg og kom med gåvor åt skuleborna og andre born som var på festane. Gåvorna var gjerne frukt som rosiner, svidsker og fikener i papirposar åt kvart barn. Det var ofte ei dame som var julenisse eller julemann. Utstyret var ei rau kappe med belte og ei rau huva og langt kvitt sjegg.

Å klæ seg ut som julebukk og gå gardimillom var lite brukt her. Ein likte det berre så som så då dei som gjekk slik med fylgje ikkje alltid for så pent fram. Julebukken hadde maske på seg og var kledd i stygge klær. Han hadde aldrig gåvor med seg men han skulde ha sjenk når han kom tilgards. Skikken slutta i tidleg tid då ein mislika desse bukkane.

Notidens julenisse skal vel vera eit bilæte av den gamle nissen men er kommen i mote mest for at borni skal ha ekstra morro på juletreffestane.

Å få julegavor i ei skål sett utanfyr døri har eg aldrig hørd nemnt her i bygda.